

Intervju med Gjertrud Hårklau

Budeie hos B.D.B. på Kvitheim på Voss i de vanskelige krigsår



Kva var ditt forhold til Bertram Dybwad Brochmann?

– Brochmann kom til Kvitheim i byrjinga på krigen, anten i 1940 eller 1941, eg er ikkje heilt sikker. Sjølv kom eg ikkje så tidleg, eg kom fyrst om våren i 1946. Eg kjende litt til han då, fordi bror min heldt Samfunnsliv. Brochmann sette inn annonse etter hus-hjelp og hjelp på garden. Eg søkte og fekk stillinga. Kvitheim er eit lite småbruk, men me hadde kyr, sauer, griser og masse fjørfe – kalkun, ender og gress. Det var endeleg litt å gjere på. I tillegg kom det jo alltid mykje besøk. Eg var der eit par år og fekk ganske godt innblikk i livet der oppe, og hans måte å leve på. Etterpå flytta eg hit ned (Øvsthus), og då var Brochmann mykje åleine. Mannen min og eg var mange gonger opp til han. Sidan fekk han eit hjarteinfarkt og eg var oppe kvar dag og såg om han, for eg visste liksom aldri korleis det kunne vera med han. Eg følte at sidan eg hadde anledning til det, så måtte eg opp å sjå korleis han hadde det.

Ein gong etter han var blitt sjuk, etter at eg var reist derifrå, var det ein svært tørr sommar med lite vatn i den store brønnen. Gjøstein hadde kjøpt jorda, og denne sommaren gjekk hesten hans på markane rundt huset. Brochmann tenkte at no er den hesten altor tyst, eg er nøyd å få tak i litt vatn til den. Det var ikkje rå å få tak i vatn utan at ein klatra ned i brønnen, så Brochmann klatra ned i brønnen for å få tak i vatn til hesten. Så kom han seg ikkje opp igjen, og der satt den gamle mannen ned i brønnen heilt til eg kom opp. Eg sa til han at han klatra ikkje ned i den brønnen ein gong til, for det ville verte ei forferdeleg historie hvis eg skulle finne sjølvaste profeten på Kvitheim drukna i brønnen. Då skratta han godt, men han klatra ikkje ned i brønnen ein gong til – då fekk hest vera hest. Den brønnen brukte me til så mangt. Om sommaren tok han pilsflasker i eit bestemt system og snørde dei fast i eit snøre og heiste dei opp etter kvart. Rett som det var, når me fekk besøk, måtte eg bort i brønnen å heise opp pilsflasker. Han hadde ofte ein heil tolvlar i brønnen slik at han skulle ha kald pils å by folk. Då var det enten ned i kjellaren eller i brønnen etter kald pils.

Kva gjorde du dei to åra du var på Kvitheim?

– Eg var kombinert hushaldar, dreng og budeie. Den fyrste sommaren eg var der oppe hadde han i tillegg to drengar. Det var Reinert Eikje frå Vats som var ein riktig Brochmannskar, og Egil Høgshaug frå Verme i Hallingdal. Egil har forresten vore her ein gong det var einkvans slags Brochmannsstemne her oppe, og då budde han hjå oss.

Veit du noko om kvifor B.D.B. kom til Voss?

– Det var vel på grunn at at han ville bu på landet og ha eit småbruk der han kunne skriva. Han ville hverken ha veg, telefon eller noko slikt, og det hadde han jo heller ikkje. Men kvar einaste helg strømma det på med vener og bekjente som kom på besøk. Eg heldt hushaldet der oppe, og det var ikkje alltid berre spøk å ta imot så forferdeleg mange. Det kom så mange folk dit og overnatta i helgene, at det var eit aldeles merkværdig fenomen at det var mogleg.

Kan du fortelje litt om kva som skjedde oppe på Kvitheim når folk kom på besøk?

– Dei fleste som kom dit vart sett i ett eller anna arbeid. Ein sommar hadde Brochmann noko kor. Om hausten vart det innhatt før det var tørt nok, og han fekk med seg ein som var der nokon dagar til å treske dette kornet. Dei var så støvete at dei såg aldeles ut som nokon troll når dei kom frå låga. Eg syns nesten synd på den bymannen som måtte vera med å hjelpe. Slik var der, dei vart svært ofte sett til noko arbeid når dei kom, og dei ville jo gjerne hjelpe. Det har jo liksom ikkje vore vanleg å sette byfolk til å gjere slikt arbeid. Brochmann meinte at alt arbeid var like godt, ikkje noko arbeid var for simpelt. Han var voldsomt for likestilling, kan du sei. Det skulle ikkje vera noko forskjell på folk – den eine var ikkje finare enn den andre. Men samstundes var han gentleman til til fingerspissane, og han var voldsomt sjarmerande.

Hadde han mykje kontakt med folk på Voss?

– Ja, det hadde han og han hadde forbindelsar med alle slags folk. Under krigen var det vanskeleg med alt, men han skaffa mykje av det som trøngst. Han skaffa kvinnene nedover i bygda her tråd, strikk, knappar og slikt som det var vanskeleg å få tak i. Eg hugsar spesielt ein mann som kom frå austlandet som eigde anten ein sykkelverkstad eller ein sykkelfabrikk. Det var vanskeleg med slikt i tida rett etter krigen. Han var på besøk på Kvitheim, og då spurde eg han om han kunne skaffe meg ein sykkel. Ja, det skulle han gjera, og ein dag kom det ein sykkel til Ygre til meg. Det stod på ein lapp som fylgde med, at det skulle

eg ta imot og pengane som sykkelkosten kosta skulle eg kjøpe meg noko nyttig for. Slik var desse venene til Brochmann. Eg veit ikkje om noko menneske som har hatt slike vener som han hadde, for dei kunne finne på å sende han alt mogleg. Men på den andre sida, var han veldig raus han òg. Hadde han hatt ei einaste skjorte og møtt på nokon som ikkje hadde skjorte, hadde han tredd den ned over hovudet på han. Det var ikkje ein ting som var for godt til å bli gjeve bort. Når han fekk hjerte-trøbbel hadde doktoren sagt at hjerte var for stort. Eg sa til han at han hadde jammen bevisst at han hadde eit stort hjerte.

Han levde altså veldig etter Kristus sitt gjensidighetsprinsipp. Han var eit veldig stort menneske, Brochmann, det kan ein ikkje kome ifrå. Same kor mykje dei prøvde å ha gjort han formsedeleg seinare, stemmer ikkje det, for han var ikkje noko dårleg menneske. Han kunne fyke opp i eit bråse, men når han snudde seg rundt var alt gløymt – han bar aldri nag til nokon. Ikkje ein gong til dei som forførte han, han berre unnskyltde dei og tok alt i beste mening.

Korleis såg Vossingane på Brochmann?

– Det var vel forskjellig, kan eg tenkje meg. Han hadde det med å blande seg opp i ting, og det er ikkje alltid det tålast frå vossingane, dei vil vel helst styra med sitt som dei finn det for godt sjølv. Brochmann var jo ein framand fugl, og då vert det gjerne litt flirring bak ryggen på han. Samstundes kunne dei vera veldig venlege opp i fjeset på han, men Brochmann såg aldri anna enn den gode sida i sine medmenneske. Slik var han, han såg ikkje nokon dårlege sider, viss dei snakka han fint opp i ansiktet, så var dei vener. Han hadde ein gjeng gode venner her på Voss som var veldig gode venner. Ungdommen var han riktig begeistra for, dei var verkeleg folket hans. Det er jo ungdommen me må satse på for det er dei som skal fortsette denne galskapen.

Trudde venene til B.D.B. på det som han trudde på?

– Det var veldig forskjellig. Men du veit det er noko i alle nye lærer alt er ikkje tull. Men det høyrest veldig unaturleg ut at det skulle vera eit samfunn der pengane ikkje skulle bestemme. For det var noko i læra hans, at det ikkje skulle vera eit pengesamfunn, men at det skulle vera materiale.

Hadde B.D.B. organiserte møter her på Voss?

– Ja, før krigen hadde han mykje foredragsmøter. Eg har aldri opplevd å få høyre han halda foredrag. Men det var berre før krigen, for etter krigen hadde han husarrest. Han fekk jo ein dom på tre og eit halvt år. Då satt han på

Grini eller Ilebu. Ja, dei sende han til og med til mentalundersøkelse, det er jo ei stor skam. Dei har gjort mange tabbar etter krigen. Det vart kanskje gjort mykje dumt under krigen, men jammen har det skjedd forferdelege ting etter krigen og som er ei skikkeleg stor skam. Ja, dei innførte jo dødsstraff, det er imot norsk grunnlov. Dei strauk jo berre over dei som passet, og førte inn dødsstraff. Til òg med Kristeleg folkeparti stod i Stortinget og stemte for dødsstraff. Eg gløymmer aldri Lavik som stod å prata om at dei måtte ha hevn, ja, han var så frekk at han heldt ansakt i radioen og ba Fadervår «forlat oss vår skuld, slik som vi, og forlet våre skuld-menn». Då slo eg av radioen! Det orka eg ikkje høyre, ein kristen mann står der å forlange dødsstraff over våre slatte fiender – vi forlet no neimen ikkje våre skuld-menn!

Det er forresten masse av Brochmann sine foredrag på lyd-band. Brochmann hadde aldri manuskript når han heldt foredrag. Han hadde ikkje oppskreive så mykje som ein bokstav, og då er det jo ikkje lett å referere. Han kunne ikkje levere frå seg eit manuskript når han gjekk på talarstolen i stortinget. Eg kan tenkje meg at han aldri hadde eit einaste manuskript skreive, og han var jo i stortinget i fire år. Han kunne holde foredrag i to timar, og folk fylgde med heile tida, det var ikkje eit einaste daupunkt. Eg sjølv har aldri høyrte han halde foredrag, men eg har verkeleg høyrte på han over border – så eg trur eg veit kva han sa. Selvfølgelig hadde han ei god lære, det er ikkje tvil om det. Læra hans i eit nøtteskal er «Det du vil andre skal gjera mto deg, det skal du gjera mot dei.» Det er det som er kristendom, og det ville han bygge eit heilt samfunn på. Men han sa sjølv at det går ikkje å få folk til å gå innfor ei ny lære, dei må fyrst få eit nytt livsbilde. Det går ikkje med dei lover og dei normer som me har å begynne med ei slik lære utan vidare – det må komme litt om senn av seg sjølv, men det truer eg er vanskeleg.

Vart B.D.B. mykje mistlike her på Voss etter at han vart dømt?

– Ja, men me som hadde opplevd krigen ser alt på ein heilt annan måte enn de som berre høyrer om den. No høyrer ein kun frå ein kant, medan me den gongen hadde fleire kanter som me laut høyra på. Eg kan ikkje skjone at det var nokon som hadde noko i mot Brochmann på den tida. Men så plutselig skulle alle saman liksom vera dei rettferdige, og då skulle dei slå ned på alle som ikkje hadde vore heilt rettferdige heile tida. Brochmann skaffa tilveges ting frå tyskarane, han var jo ven med dei òg. Det var til dømes ei rettsak der det var nokon karar som hadde stole noko amunisjon og lagra den i ei utløge, så vart det razzia og dei fann amuni-



sjonen. Då vart det ballade, for dynamitt og amunisjon var jo livsfarleg å ha i eige. Dei vart arrestert, han som hadde køyrd amunisjon og han som åtte låga. Då gjekk Brochmann å vitna i saka, og fekk dei frikjet. Dei fekk vel gjerne ei slik symbolsk straff, men eg trur ikkje dei vart sende ut av bygda. Etter krigen vart slikt brukt mot Brochmann. Eg hugsar ei historie eg har vorte fortalt om svigerssonen til Brochmann, Teigen heiter han. Fallskjermssoldatane i motstandsbevegelsen hadde øvelse. Ein vart skadd, og Teigen som var lege i Drammen vart henta og dei køyrde den skadde til Drammen sjukehus. Så vart det razzia eller noko, han vart iallefall teken og måtte liggja med tysk vakt på sjukehuset. Men dei var gode til å smugle ut den der fyren, motstandsfolka. Dei satte han og ryggsekken hans i ein bil og så skulle dei køyre til Sverige. Det vart ein razzia på vegen, og mannen låg der i sjukebåra. Når tyskarane såg sjukebåra sa dei: «Berre køyr» – «men forresten lat oss sjå den der sekken».

Oppl sekken låg der deler av ein engelsk fallskjerm, og så vart det naturlegvis tabå. Etter dette vart Teigen etterlyst, han måtte jo stikke av. Då låg han og dotter til Brochmann, dei var gift, i dekning oppe hjå Brochmann på Kvitheim. Der gjekk det tyskarar som prata med Brochmann, det var jo fritt for alle. Det var verken synd eller skam på den tida om det kom tyskarar på besøk. Det var etter krigen det vart dommedag om det. Det var ikkje mange hus i vart land som ikkje var kjend med tyske soldatar som kom inn og prata med dei. Dei trengde jo ikkje vera nazi-bøller fordi om dei var tyske soldatar, dei var heilt alminnelege folk som alle oss andre. Men det vart så forferdeleg ein forbrytelse der der, alle som hadde svin på skogen skulle reinvaske seg sjølv ved å stappe andre ned i driten.

B.D.B. var jo langt ifrå nazist, men den radiotalen som han heldt, vart den berre misforstått?

– Han hadde lett for å bli misforstått. Brochmann var av den sorten som hadde lett for å blande seg bort i ting. Det svarar seg nok ikkje alltid. Hadde han vart stille og latt alt gå sin skive gang, så

Samfunnsliv

5

hadde han ikkje fått noko problem etter krigen. Men det var ikkje naturen hans, var det noko han tykte måtte ordnast opp i, så prøvde han å gjera det. Politikk er merkeleg ting, for eine dagen gjeld ein ting medan dagen etter gjeld ei heilt anna lov. Etter krigen så har me jo skjønne lover som gjaldt. Det var berre eit parti som styrde etter krigen, og skulle dei ha straffa alle dei som hadde vore i arbeid hjå tyskarane (dei bygde jo alle anlegg til tyskarane) hadde ikkje arbeiderpartiet fått fleirtall i Stortinget. Desse folka såg dei gjorde noko galdt når dei arbeidde for den tyske vernemakta, men dei vart ikkje straffa. Dei passive NS-folka trudde dei gjorde noko godt, og dei vart straffa. Hadde alle dei tyskarbeidande vorte straffa og mista stemmeretten sin, så hadde ikkje arbeiderpartiet fått regjere. Alt er ikkje så beint fram som dei vil ha det til no. Når ein har opplevd alt det styret som var, så ser ein litt og ein kan tenkje for seg sjølv. Ein ser betre samanhengane.

Kortleis reagerte han på rettssaken?

– Du veit han hadde husarrest heilt frå krigen var over til rettsaken kom opp i 46, han forberedte seg godt, men han var jo 66 år. Og det å sitje i retten i mange dagar å forsvare seg sjølv tar på for ein gammal mann, o ghan vart trøyt tilslutt. Då han skulle halde det avgjerande foredraget sitt, var han ikkje i det same slaget som tidlegare for han veik frå alt i hop. Likevel trur eg han gjorde ein bra

innsats. Eigentleg trur eg han hadde klart det like godt utan den advokaten sin, for det var ikkje stort han utretta. Advokaten gjorde det mot høg betaling, han var heilt imot Brochmann si lære og hans virksomheit.

Brochmann gav ut den forbaska dumme boka «9. april», det var det som var det dumme. Etterpå måtte han forklare kva han hadde meint med det der, eg trur personleg han skreiv ho på ærleg vis. Det var nok dobbel botn i mykje. Han siterte bibelen mykje: Dersom fienden forlanger at du skal gå ei mil med han skal du gå to, og du skal vende det andre kinnet til. Slik skreiv han mykje i denne boka, men under rettsaken prøvde han å rettferdiggjere seg sjølv. Men du veit, ein seier jo at det er ein måte fanden les bibelen på og. Det er jo augene som ser når du les ei slik bok som det der. Kanskje skulle han ha latt være både å skrive den bokea og å halde den radiotalen. Men Brochmann hadde sikkert mykje rett. 9. april skulle ikkje ha kome så uventa. Kvelden 8. april høyrde me Nygårds-voll på radioen, då visste dei at heile denne hærmakta hadde lagt ut nordover. Dei prøvde seie at me skulle ta det med ro – det var ikkje vært å fyke opp fordi om den tyske hærmakt var på veg nordover. Halvdan Koth gjekk med eit brev i lomma og visste det at dei kom! Skulle ikkje han ha vore teken for landssvik? Han vart sendt for riksrett etterpå og det er bra. Me skulle ikkje vera urolege, men 9. april stod dei utanfor dørene og tok hei-



le Noreg på senga. Forsvaret hadde vorte systematisk nedbrote i alle dei år som arbeiderpartiet hadde hatt makta. Dei venta engelskmenn frå vest, men istadenfor dei kjem tyskarane frå sør og slo innover landet som eit uvær. Då skulle me plutsleg forsvare oss, dei sende våpenlause folk mot

verdens største krigsmakt. Etterpå seier dei at offiserane svikta, men skulle offiserane sende våpenlause folk i trynet på den sterke makta? Dei hadde jo ikkje vore i militærtjeneste eingong, dei hadde kanskje 20 dagar – kva er det mot ei slik krigsmakt som har vore gjennomtrenna i år etter år? Då

Fru BDB, Gjertrud og Elida

skulle plutsleg våre folk forsvare landet vårt.

Intervju ved
Ingrid Kvestad
Kari Ringdal
Jørgen Lyngvær